

Høyringssvar Innlandet fylkeskommune, Ny skulestruktur.

Alle alternativ til skulestruktur vil ramme Nord- Gudbrandsdalen urimeleg negativt, dette vil slå ut i auka hybelbruk frå første trin på vidaregåande. Elevar/familiar vil bli råka unødvendig hardt, dette treffer dei som treng heimen sin og stabilitet. Det er fare for at fleir og fler droppa ut av vidaregåande unødvendig.

Fødselstal for Nord- Gudbrandsdal syner stabile tal og til dels auke i framtida, dette vil styrke elevtalet på 1 vidaregåande trinn om det blir oppretthalda i Lom og Otta som i dag.

Avd Lom har ei fremdragande tømrarlinje som med spesielt fokus på laft, vedlikehald/vøling av gamle hus. Denne kompetanse er opparbeida frå den spede start av skulen i Lom av lokale handverkarar med nedarva kunnskap frå tidlegare generasjonar som samfunnet treng no i dag som før.

I Nord- Gudbrandsdalen burde det istadenfor nedlegging vore satsa på linjer som vi har lokal kompetanse på som samfunnet etterspør, som t.d. friluftsliv da det er stutt veg til både fjord og fjell. Mattradisjonar er etterspurd, lokalt har vi Brimi kjøkken, pluss mykje anna lokal kompetanse som kan nyttast, samfunnet elles etterspør.

Samfunnets krav til stuttreiste varer og miljø må veia tungt i alle offentlege avgjersler, dette vil Nord- Gudbrandsdalen kunne bidra positivt til ved skuler på Otta og Lom.

Vidare er den økonomiske og samfunnets kostnadene (også mtp helse og elevar med særskilde behov) frå a til å ikkje teke omsyn til i forslaga til denne høyringa, dette må dokumenterast av Innlandet fylke.

Nord- Gudbrandsdalen ligg sentralt til mot vestland fylke, dette burde veie for vurderinga om å behalde Nord- Gudbrandsdal vidaregåande med samarbeid mot vest. (sjå her til lokale verksemder på begge sider av fylkesgrensar)

Vil påstå at Innlandet fylke bryt med FNs bærekraftsmål i sin saksutgreiing.

«Vurdering opp mot FNs bærekraftsmål: Innlandet fylkeskommune skal bidra med å nå nasjonale og globale målsettinger. Skole- og tilbudsstrukturen for videregående opplæring i Innlandet fylkeskommune er viktig med tanke på en bærekraftig utvikling i Innlandet. God utdanning og kunnskap danner grunnlaget og er avgjørende for å oppnå alle FNs 17 bærekraftsmål. Gode skoletilbud og økt gjennomføring bidrar til reduksjon av fattigdom, til god helse og livskvalitet, og til at innbyggerne får anstendig arbeid og Innlandet økonomisk vekst.»

Lang reiseveg elevar med særskilde behov og unge hybelbuarar styrkar ikkje ordlyden her.

Det er verdt og legge ved utdrag av opplæringslova:

§ 5-3. Planlegginga og utbygginga av det vidaregåande opplæringstilbodet

Fylkeskommunen skal i planlegginga og utbygginga av det vidaregåande opplæringstilbodet leggje stor vekt på kva kompetanse samfunnet treng.

Fylkeskommunen skal gi tilbod om praksisbrev.

Departementet kan krevje at fylkeskommunen skal ha eit vidaregåande opplæringstilbod som er ope for søkjrarar frå heile landet.

Ber om at FN`s bærekraftsmål nr 3. blir lese av Innlande fylkeskommune:

<https://fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal/god-helse-og-livskvalitet>

For at lokalt næringsliv kan få lærlingar og kunne utvikle seg positivt i framtida ber eg om at vidaregåande skular i Nord- Gudbrandsdalen blir oppretthaldt i Lom og Otta.

VH:

Lars Kurt Haugen